

# Svar på spørsmål om framdrift

## **Er det stifta eit veglag, slik det vart foreslått på møtet i fjor?**

Som de gjerne husker frå møtet i fjor så var neste steg i prosessen å få på plass brukstingingar for vegstykket over bruk 56/17. Grunneigar her såg det naudsynt å nytte advokat til å utarbeide ei avtale om bruk og vedlikehald av vegen, og ville ha det på plass før dokumenta vart signert.

Grunneigar av bruk 56/17 har det siste året hatt mykje anna å stri med, og har difor endå ikkje fått på plass avtalen. Eg har purra på grunneigar fleire gonger, og slik eg forstår det har grunneigar og ved fleire anledningar purra på sin advokat.

Diverre har grunneigar ved bruk 56/12 nytta anledninga til å nok ein gong søke å få vurdert eit anna alternativ enn dagens godkjende utkjørsle som tilkomstveg for eigendomane på Søre Hundvin. Han har foreslått alternativet for bruk 56/17, og bedt dei ta det vidare til kommunen, vel vitande om at alternativet har vore vurdert av kommunen fleire gonger allereie, mellom anna under ein tidlegare rettsak i jordskifteretten. Konklusjonen har ved alle tidlegare anledningars vore at ei slik ny utkjørsle vil komme inn på ein langt meir trafikkert veg, for nærmeste uoversiktlig krysset mot Kvalvågen og Ones, og at denne løysinga vil legge beslag på alt for mykje landbruksland. Og difor har dei og avslått forslaget. Ei konklusjon seinast bekrefta til eigar av bruk 56/16 i februar i år.

Eit veglag vil ta utgangspunkt i ein avtale om bruk og vedlikehald med eigar av bruk 56/17, samt Statens Vegvesen (ref. møte i fjor). Før avtalen med bruk 56/17 føreligg, er heller ikkje forutsetningane til stades for stifting av eit veglag. Ein kan ikkje stifte eit veglag utan å ha ein veg. Alle grunneigarane på Søre Hundvin er imidlertid informert om saka, og sjølvे stiftinga skulle vere ei formalitet når tingingane er til stades.

Underteikna, og dei andre interessentane i den nye utkjørsla, avventer kommunen sitt svar til Advokat Bjørn Liabø sitt brev av 15.05.18. Samstundes finn eg det rart at saksbehandlar ikkje tar direkte kontakt med søker ved utvikling i saka. Dette er, som kommunen veit, ei komplisert sak, og då er det viktig med eit godt samarbeid, og god kommunikasjon, for å unngå unaudsame komplikasjoner.

## **Kan de lista opp dei eigedommene som har vegrett til, og som brukar dagens avkjørsle frå kommunevegen?**

Alle eigedommene på Søre Hundvin nyttar vegen. 56/52 og 56/11 har og vegrett mot aust, men nyttar vegen når dei til dømes skal nordover i bygda, eller til sjøen.

Vidare bruk av vegen vil, som diskutert i møtet i fjor, verte tinga av deltaking i veglaget.

Venleg helsing

Andreas Hundvin